

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 Fylke: Buskerud  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Uvdal  
 Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdelag: Kyrkjebygde  
 Oppskr. av: Anna Samuelson Gard: Skogheim  
 (adresse): Uvdal G.nr. 61 Br.nr. 5

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **eige røynsle**
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
 og Gunhild Amundsen og Gunhild Brække 73- 75 aar  
 Kristi Husebø 76 aar gl .

## SVAR

Mjølkk.

1.

Bruken av nysila og skumma mjølkk var før likesomykkje som no, men maatin aa bruke den paa har forandras mykkje. No drikke dei <sup>n</sup>kasje meir nysila mjølkk ell' før, for i gam- mal tid daa dei ikkje hadde seperator → men silingsbalu- var det om aa gjera aa faa fløita best maugale av mari- supen , men so vart den skumma mjølkkje somykje bare ell' seperatormjølkkje, so det kan bli so up i upp tenkkjer eg Verdien av den mjølkk dei fek i seg før var heller større ell' no.

2.

Skomma mjølkk drakk dei ialfall te leskedrykk før og Ungan fek mykkje marisup(nysila mjølkk kalle me marisup her)

3.

Direkte til drykk uta mat aataat var det primblande som mest vart bruka, dei legg eit stykkje sur ell' sötprim i ein liten trehølk og slo vatten aaver o rörde upp i den a naar dei vilde ha drikke. So bruka dei om sumaren aa drikke bleng som flaut uppa den mjølkkje dei hadde i store tre- holka i kjellaren om summaren , den kona sometier bli so sterk, at dei som ikkje var rektig sterke kona kjenne den uppi skallin , mest som ei liten fyll. Primblande bli bruka framleis mest som før, men det er meir slutt paa o setta mjølkkje i holkar i kjellaren no , o daa bli det ikke bleng

heller. Aataat maten- før det vart bruk med kaffe- bruka dei mykje mysse, dei bresta tjukk mjølk somme aat baade osten og myssa til maten , ellers vart osten aust up i eit tretrog og laga til tregost. So bruka dei skomma mjølk og hadde i litegran kjesløg so den bresta , osten vart so rørd ut i myssa so drak dei det til maten, det skulde vara ein rektig heranes drykk. Gamle Sonev Vereldrud som ala upp 11 ongar sa : "Det er ingenting ongan kjæm se so taa som kjesebreste ". Baade kjesebreste og surmjølkbreste vert aldrig bruka no lenger , no er det "kaffe før alle pengan" men snart naa vel ikkje dei til heller. Saup ) kjernemjølk) vart ikkje bruka til drikke den vart koka prim av, no har dei dei hell begynt aa drikke saup istellafor , ell før o spaaraa paa kaffeem, og so har dei finni ut aat det er bra. Dei kan faa kjøpt saup paa meierian heile vinteren og til st. Hans no, daa reise kjenen paa setre.

Øl.

4

Nettup te kvardagsdrykk har ikkje øl vore bruka her. Dei bryggja til jul, paaske og pins og til onna om sumaren Det vart i gamal tid bryggja to slags øl, godt øl paa ei tynn tykke og noko tunnare paa ei, for naar det var varmt og dei i onna trengte meir drikke, so bruka dei det tynne øle meir til tystedrikk og det sterkare fek dei helst lurdagskvell etter arbeie. Slik bruka dei det sommestaer , andre bryggja berre ein slags øl , dei seinare aar daa det vart verre aa faa laga maltbruke dei mykje slik kjøpe saker paa smaafasku *maltbrukt,* so bruka dei briskeløg aataat, men dei seinare aar daa det vart traangt om serup aa sukker vart det slutt paa det og.

Kaffi.

5

Etter som gamle folk fortel kan ein vel seia at kaffe kom i bruk i 1860 aara . Bestemor hena Kristi Husebø

3.  
som eg snakka me om detta sa aat daa mor hena som var født  
i 1845, var med mor si paa setrei 1861 so hadde mor hena  
litegrann kaffe , so ho tok seg ein god taar naa ho var  
aleine, men ho gjøimte kaffekjelen naa det kom nokon, det  
var nok ikkje før nokon 6 aar seinare at det vart somykje  
bruk aa spandere kaffe paa kvar som kom.

7.

No drik me kaffe altfor tit. Det er morgon me stendupp,  
til bisk, og etter duguren , etter meddagen, til kvellver,  
aaja eg kjenne dei som tek seg ein draape tekvells og.  
So derimeljom kjem det ein ell an taa grannan , so ska dei  
ha kaffe, o daa tek mann ell kjerinje seg ein taar for  
selskaps skuld.

8.

Den mest almindelege maate o koke kaffe paa er aa ha  
grovmalin kaffe paa kjelen samen med kalt vatn ell' so  
sler dei kaffeen paa naar vatne koka. Aa trakte kaffe er  
ikkje somykje bruksome o koke'n . No er det heilt slut  
paa det, men eg kan godt hukse, aat somme-iallefall-hadde  
nepaa kjelen ei lita klype med salt, dei syns han vart  
friskare daa, sa dei. Før bruka dei noko kaffeblend dei  
kalla sikori for aa spare paa kaffeen so bruka dei  
klaareskinn, eggskal ha me ikkje høirt gjete her. Og  
kaffeen bli no klaar føruta slikt. Før var dei no ikkje  
so nøie med det heller, før det var no artig aa ha noko  
grut o spaa i og. Det var ille aat eg ikkje viste om  
aat me skulde beskrive kos dei spaadde i kaffeegrut, hadde  
eg vist det før Astrid "Buva" var dau, skulde eg faat ein  
rektig god beskrivelse, men no maa eg nøije meg med ukyn-  
digare folk . Men so mykje kan eg fortelja at naar dei  
har drikke ut koppen, so svinge dei' n ront nokon gonger,  
so snu dei' n med botten i varenepaa slaale, so slo dei  
3 slag i botten paa koppen, so tok dei' n upp o saag inni

Var gruten noko lys, so det vistes likesom ein rau ring omkring gruten, daa kom det falske folk-som ein helst burde passe seg for. Var det nokon laange stripu i gruten som kona ligne ein vög, daa vart det eit lag i huse snart, men om det vart likferdslag ell' bryllup var ikkje so godt aa avgjeta. Saag dei noko som kona likne eit mennisje so kom det nokon te husars og saag dei daa i nerheite ein josa-re rond flekk i koppen- der det ikkje var grut-so var det ein lykkering "dæ kjæm ein mann mæ lykkering fyry seg", daa var det te stor lykke for den som vart spaad. Laag det nokon svarte knuppa her o der i gruten, so kom det enten brev ell' pakke til den som vart spaadd.

Detta er noko av alt dei saag i gruten, men det var nok meir dei gamle spaakjerringan saag, men dei fleste av dei er daue no.

## 9.

Solenje det var kandis aa faa bruka dei alltid det til kaffeem Sukkertoppa som dei klypte upp er det og lenje sea kom i bruk. Farin og rafinade er det no dei bruke.

## 10.

I kaffeem bruke dei fleste fløite, nokon drikk kaffeem uta noko i, men ost har aldrig vore bruka her. Heller ikkje vispa egg. Mor mi bruka det, men ho var sørlending.

## 11.

Det er ikkje vanleg aa bruke te til kvardags av andre ell dei som meiner at dei ikkje taaler kaffe. Det vart laga te av tyrebørlyng som dei brente liegran før dei kokån

Brennevin. 12

Det var til slakting dei apsolut skulde ha brennevin, somme spandera ein dram lurdagskvellen i aanne.

Nyare drykk. 13

Etter der vart so vont etter sukker og sirup bruke maange aa kjøpe ei vørtørølkasse til aannetier om sumaren. netup te kvardagsbruk bli det ikkje bruka.